



Bjarte Døssland møter Regjeringsadvokaten i Muradalen-saka. (Foto: Kvinnheringen)

Advokat Bjarte Døssland frå Uskedalen skal i 10 dagar frå 29. oktober ha advokat Erlend Haaskjold hos Regjeringsadvokaten som motpart i Muradalen-saka, der Kvinnherad Energi møter fylkesmannen.

Saka skal opp for Sunnhordland Tingrett og Døssland har kalla inn miljøvernminister Helen Bjørnøy som ein av 10 vitnar.

Dette er den største saka uskedelingen har prosedert så langt i den 10 år lange advokatpraksisen sin, skriv Kvinnheringen.

Søksmålet går mot fylkesmannen sitt stansingsvedtak av arbeidet i Muradalen og kravet om utarbeiding av reguleringsplan for kraftutbyggjinga. Formelt er Staten ved Miljøverndepartementet motpart.

Kvinnherad Energi og Døssland meiner vedtaket til fylkesmannen er ugyldig. Dei viser til regelverket og hevdar at det ikkje er høve til å laga ein reguleringsplan i eit verna område. Skal det gjerast, må ein oppheva vernet.